

Seterbrukaren

SKRIFT FRÅ NORSK SETERKULTUR
NR. 2 – JUNI 2009 – 12. ÅRGANG



Kyr på veg til Finndalen i Lom. Foto: Oskar Puschmann

Innhald:

- Seterdrifta er utstillingsvindu for norsk landbruk!..... side 2**
- Seterkart på nett..... side 3**
- Byjente ny leiar i Norsk seterkultur..... side 4**
- Ta turen til seters!..... side 5 og 7**
- Dei som brukar utmarka gir mest tilbake..... side 6**



Seterbrukaren

kjem med ny utgåve i oktober, med 15. september som frist for stoff. Det skjer mykje rundt om i seterlandet også denne sommaren, men vi er avhengig av meldingar for å få med oss dette. Difor, bruk fotoapparatet og skriv nokre ord om saker som fleire bør få kjennskap til. Vi kan ikkje lokke med honorar, men i allefall god spalteplass!

Årsmøtet i Norsk seterkultur

markerte at organisasjonen i år fylte 10 år. Men først og fremst såg forsamlinga framover på dei utfordringar og mulegheiter seterdrifta har, sjå uttalen frå årsmøtet og reportasjen frå Seterkonferansen 2009. Årsmøtesakene gjekk greitt og det same gjeld vala som var godt førebudd av valnemnda. Årsmøtet valde Mari Søbstad Amundsen, Tromsø/Trondheim til ny leiar etter Stein Brubæk som hadde sagt frå seg attval. Odd Arne Espeland vart attvald for 2 år og Kjell Håvard Tuv kom inn som ny styremedlem, også vald for 2 år. Varamedlemar til styret er Nanfrid Røysland, Oddveig Eggen og Kjetil Larsgard. Revisorar er Rolf Bråstad og Steinar Forrestad og valnemnda består no av Bjørn Karsten Ulberg, Anni Opedal Fodnes og Trine Lilleslåtten.

Styret:

Mari Søbstad Amundsen, leiar
Conrad Holmboes veg 27, 9011 Tromsø
marisobs@ntnu.no

Siv Eggen, nestleiar
7760 Snåsa, tlf. 48 10 27 85
sbeggen@msn.com

Odd Arne Espeland, Jondal
5627 Jondal, tlf. 53 66 84 80, faks 53 66 82 55
odar-esp@online.no

Kjell Håvard Tuv
2900 Fagernes

Per-Sigve Lien
Fagsjef i Tine Medlem
per.sigve.lien@tine.no
Tlf. 64 97 37 09/90 77 28 58

Varamedlemmer

Nanfrid Røysland
3656 Atrå, tlf 90 75 11 16
selstali@selstali.com

Oddveig Eggen
2550 Os i Østerdalen, tlf. 62 49 71 86
post@spellmoen.no

Kjetil Larsgard
3577 Hovet

Utgjevar:

Norsk Seterkultur, 6214 Norddal

telefon 70 25 91 77
telefaks 70 25 91 57
E-post: seter@seterkultur.no
www.seterkultur.no

Bankgiro: 2367 20 51169
Redaktør: Jostein Sande
Førtrykk: Stordfjord Bladlag AS
Trykk: Birkeland trykkeri

ISSN 1501-6803

Seterbrukaren kjem ut fire gonger i året.
Framsidedfoto: Oskar Puschmann

Vi forvalter en skatt!

Som ny leder i Norsk seterkultur (Nsk) har jeg fått æren av å overta en organisasjon i utvikling og med potensial. For meg har det vært viktig å kunne flagge organisasjonen som allsidig og bred – vår egen definisjon av begrepet seterkultur viser at det er mer enn bygninger og økonomi. Vi skal like mye ivareta ostetradisjoner, kulturlandskap og fortellertradisjoner om huldre.

De siste årene har styret i Nsk hatt et viktig fokus på de politiske aspektene, sammen med setras økonomiske verdi. også det nye styret må fortsette dette arbeidet, men samtidig må vi vise interesse for setras andre verdier: store deler av seterkulturen er en immateriell kultur som ikke kan videreføres utelukkende gjennom tekst og bilder. Det må imidlertid skje gjennom kurs og delaktig læring. Norsk seterkultur, i dobbel forstand, er avhengig av en bred organisasjon som sammen med sine medlemmer kan videreføre, ivareta og opprettholde verdien rundt seterdrift som allsidig og mangfoldig – materiell som immateriell. Vi skal bli kjent for vår sterke stemme og synlige kunnskap.

Sammen skal vi kunne veilede og bistå hverandre. Et større organisasjonsutviklingsprosjekt gjør at både styret og medlemmer kan se fram til en sterkere, tydeligere og mer kunnskapsrik organisasjon innen norsk seterliv og seterkultur.

Vi må ikke glemme at vi sitter som forvaltere og formidlere av en skatt. Den kan ikke forsvinne for oss, så vi må satse på både det politiske, økonomiske og immaterielle – for oss selv, men også for naturen og miljøet vi alle er en del av. Neddemningssaker og reguleringsaker som på ingen måter gagnar den kulturen vi sammen skal forsvare, viser at vi trengs, også de neste ti årene!

Mari Søbstad Amundsen



Seterdrifta er utstillingsvindu for norsk landbruk!

Uttale fra årsmøtet i Norsk Seterkultur, Halne Fjellstova, 23. mai 2009:

Seterdrifta er et utstillingsvindu for norsk landbruk og blir brukt for å legitimere bevilgninger til store deler av norsk landbruk. Seterdrifta og bonden som driver seter har derimot et stort problem i å få tak i investeringsmidler siden det hovedsakelig er små familiebruk som driver seter. Samtidig begynner man å se effekten av regionale miljøprogram (RMP). Det har blitt en sterkere fokus på setra som en inntektskilde for bonden, på verdiskaping til næringslivet/reiselivet og som en arena for omsorgstjenester.

Det må derfor iverksettes et særskilt virkemiddelbruk for å utnytte denne situasjonen.

Seterdrift representerer en fremtidsrettet måte å drive landbruk på i Norge. Ressurser høstes fra utmarka på en særdeles miljøvennlig måte og verdifullt kulturlandskap og kunnskap ivaretas. De verdier som seterdrifta representerer i seg selv, men like mye det potensialet for verdiskaping i andre deler av næringslivet, gjør at seterdrifta har behov for egne virkemidler både til driftsstøtte og investeringer.

• 1. De regionale miljøprogramma skal prioritere seterdrifta. Utviklinga innen de fylkesvise RMP viser at det er bare noen fylker som ser verdien av setring. Setertilskuddet skal i det minste gjenspeile den arbeidskostnaden som legges ned på melking og

melkehåndtering på de ulike setertypene.

• 2. Setra skal gis et beite/kulturlandskaps-tilskudd på kr.30.000. Å tilrettelegge for utmarksbeiter krever ressurser i form av ryddig og gjerdehold. Gamle seterstøler med verdifullt kulturlandskap krever stell.

• 3. Det etableres et eget investeringsprogram for seterdrifta. De ulike driftsformene på setra krever ulike investeringer. Nye driftsformer stiller nye krav. Den tradisjonelle melkeleverandøren har årlige ekstra kostnader til vedlikehold av vei, bygninger og melkesystem. Setra som foredler har store investeringer knyttet til å bygge godkjente lokaler. De setrene som har inn på tunet vil tilsvarende få investeringer tilknyttet en egnet bygningsmasse, likeså setrene som driver reiseliv.

Setring er for norsk landbruk og samfunnsnivå en så viktig driftsform at den berettiger ekstra fokus i en periode hvor det er sterk vilje til å utvikle denne driftsformen men hvor tilgangen til økonomisk bistand er vanskelig.



Årsmøtedeltakere smaker hardangergombe. Foto: Gerd Lithun, Vestlandsk Landbruk

Seterkart på nett

Har du lyst til seters? No kan alle sjå kvar det finst setrer i drift.

Seterdrift er eit av Landbruks- og matdepartementet sine satsingsområde i kulturminneåret. I dag lanserer Statens Landbruksforvaltnig og Skog og landskap eit nettbasert kart over kvar i landet mjølkeproduksjon på setra blir drive.

Kva viser seterkartet

Kartet viser alle setrer som får tilskot gjennom Regionalt miljøprogram (RMP) for mjølkeproduksjon på setra. I tillegg til informasjon om kvar setrene ligg, er det her seternamn, om det er enkelt- eller fellesdrift mellom fleire gardar, og kva dyreslag som er på setra. Nokre fylke som Finnmark, Nordland, Rogaland, Agderfylka, Akershus, Østfold og Vestfold har ikkje særskilte tilskot for mjølkeproduksjon på seter. Her kan det difor vera setrer i drift som ikkje kjem med på kartet.

Seterkartet er presentert i same visning som beitelag frå Organisert beitebruk. Det er også lagt lenker som gjer det muleg å sjå desse opplysningane saman med andre viktige tema kring natur og kultur i utmark og seterlandskap. Dette er verneområde, kulturlandskap og naturtypar frå Direktoratet for naturforvaltning sin Naturbase, og kulturminne frå Riksantikvaren.

Valdres har flest setrer

I dag er det att om lag 1300 setrer i drift i Noreg som får tilskot gjennom RMP for mjølkeproduksjon. Av dette er 190 fellessetrer. Tyngdepunktet for seterdrifta er i Valdres i Oppland. I nordre delar av Hedmark, øvre delar av Buskerud og sør



Abmelaseter, ei av dei ni setrene i drift i Manddalen i Kåfjord i Troms. Foto: Anders Bryn.

Kommuner med flest setrer i drift 2008 "10 på topp"

Totalt	Enkeltseter	Fellesseter	Totalt
Seterkommune			
0544 Øystre Slidre	70	3	73
0543 Vestre Slidre	60	3	63
0542 Nord-Aurdal	51	6	57
0436 Tolga	45	3	48
1648 Midtre Gauldal	34	9	43
0619 Ål	36	4	40
0437 Tynset	38	2	40
0441 Os	39	1	40
0516 Nord-Fron	37	2	39
0439 Folldal	34	3	37

Enkeltseter	Enkeltseter	Fellesseter	Totalt
Seterkommune			
0544 Øystre Slidre	70	3	73
0543 Vestre Slidre	60	3	63
0542 Nord-Aurdal	51	6	57
0436 Tolga	45	3	48
0441 Os	39	1	40
0437 Tynset	38	2	40
0516 Nord-Fron	37	2	39
0619 Ål	36	4	40
0545 Vang	35		35
0439 Folldal	34	3	37
1648 Midtre Gauldal	34	9	43

Fellesseter	Enkeltseter	Fellesseter	Totalt
Seterkommune			
1648 Midtre Gauldal	34	9	43
1664 Selbu		7	7
0542 Nord-Aurdal	51	6	57
1635 Rennebu	20	6	26
0834 Vinje	10	6	16
1539 Rauma	2	5	7
1548 Fræna		5	5
1576 Aure		5	5
0619 Ål	36	4	40
1520 Ørsta	4	4	8
0522 Gausdal	18	4	22
0534 Gran		4	4
1421 Aurland	5	4	9
1640 Røros	3	4	7

Samarbeidsprosjekt

Seterkartet er laga av Norsk inst. for skog og landskap i samarbeid med fylkesmennene sine landbruksavdelingar. Landbrukskontora i kommunane har gjort mykje av grunnarbeidet. Arbeidet er utført på oppdrag frå Statens landbruksforvaltning.

Seterkonferansen 2009 – "bondens gull"

Årets seterkonferanse var lagt til Halne Fjellstova på Hardangervidda. Deltakinga var ikkje fullt så god som åra før, på Fagernes og Røros, men stemninga var god og innleiarane inspirerende.

Stein Brubæk opna konferansen med å oppsummere Norsk seterkultur sine røynsler knytt til den årlege seterkonferansen og organisasjonen sine oppgåver framover.

Ordførar i Eidfjord, Johan Anved Tveit, helsa velkomen til kommunen – som for 50 år sidan var ein stor stølskom-



Stein Brubæk opna og leia konferansen. Foto: Gerd Lithun, Vestlandsk Landbruk

900 meter, naturleg med reinsdyrgevir i kommune-våpenet! 60 prosent av arealet

mune. Eidfjord er stor i utstrekning, men liten i folketal, dei knapt 1000 innbyggjarane har mykje fjell å boltre seg i. 90 prosent av kommunen ligg over

har vernestatus.

Om stølsdrifta fortalte ordføraren at i dag er alle kyrne samla i ein fjøs, men nokre av desse får framleis oppleve stølslivet.

Besso turisthytte har òg kyr, men ikkje tradisjonell stølsdrift. Inntil nyleg var det og kyr på turisthytta Hedlo.

– Store endringar på femti år, frå den tid da alle bruk hadde dyr å føre til støls, noko han sjølv og hadde vore med på.

Framhald på side 4 og 6

Byjente ny leiar i Norsk seterkultur

Norsk seterkultur har fått sin første kvinnelege leiar, og sidan ho er berre 23 år, så må vi kunne seie at ungdommen er i ferd med å "erobre" organisasjonen.

Mari Søbstad Amundsen er byjente, fødd midt oppå Tromsøya, som ho uttrykkjer det. Har alltid budd i byen, men gardslivet fekk ho nær kontakt med i Indre Troms, der familien har hytte. I sommarferien var ho og brørne stadig med på ting som foregjeikk på nabogarden, jaging av kyrne ut på beite og henting heim til mjølkning.

– Eg har alltid, og er det fortsatt, ganske plaga av pollen- og husdyrallergi, så det er ikkje akkurat sjølsagt at det er dette eg skal vie mykje av fritida til, seier Mari. Interessen for gard og dyr starta altså allereie som barn, men eg har likevel alltid vore realist, og det var dei beste faga mine på skulen – det vart vidaregåande allmennfag, med fordjuping i matte. Eg trur det var på begynnelsen av vidaregåande at eg heilt "ut av det blå" fekk ein utruleg interesse for kulturlandskap og bevaringsverdige storferasar, fortel Mari.

– Eg fordjupa meg i litteratur og med engasjementet i drifta på Inner Gammelsetra i Grøvdalen på Nordmøre vart det sidan praktisk erfaring. Etter



Mari Søbstad Amundsen. Foto: Gerd Lithun, Vestlandsk Landbruk

endt vidaregåane vart det folkehøgskule før ho starta på universitetsutdanninga, der ho no har eitt år att til mastergrad i kulturminneforvaltning, så fram ikkje noko byråkrati skal stoppe meg frå å ta heile utdanninga på fire år, seier Mari.

– Mykje på grunn av utdanninga innan kulturminneforvaltning, så ser eg stor verdi i setra som kulturformidlar og oss seterdrivarar som tradisjonsberarar. Vi har ein immateriell kulturarv som er enorm, unik og fantastisk, seier Mari. Eg meiner å sjå eit enormt potensial i setra som ein stad for grøn omsorg og betra psykisk helse. Kvar elles får unge i dag ei slik mulegheit for å følgje produkt frå råmateriale til salgsprodukt? Vi sitt som forvaltarar og formidlarar av ein

skatt! Vi kan ikkje la den forsvinne, og derfor må vi satse både på det politiske og økonomiske, men også legge vekt på setra sine immaterielle verdiar – for oss sjøl, men også for naturen og miljøet vi alle er ein del av, slår Mari fast.

– Eg meiner det er viktig å formidle denne kulturarven til dei yngste, setra kan fungere som ramme for eller ein scene i eit større arbeid som handlar om haldningar og oppvekst. Den modellen vi gjennomfører på Inner Gammelsetra, med ungdom som driv seter, passar meg perfekt. Eit slikt opplegg engasjerer nye generasjonar, og sikrar at setra skal vera aktiv, og ikkje berre nostalgi, også om 20-30 år. Eg ser at generasjonskifter er ein stor fare for mange setrer, men opplegget i Grøvdalen kan vera ei løysing i slike høve. Og dersom vi i samarbeid med andre organisasjonar kan framstå som eit vellukka pilotprosjekt, da har vi gjort norsk seterkultur, både som organisasjon, driftsform og kultur ei stor fortjeneste, seier Mari Søbstad Amundsen.

Ho fortel at ho går til verket som leiar i Norsk seterkultur med stor respekt, men mest med glede over å kunne arbeide med tema som engasjerer ho sterkt – i saman med folk som har lang setererfaring.

Fortsetter fra side 3

Åse Vaag:

– Ta landet i bruk!

Det var utgangspunktet for innlegget til Åse Vaag, landbruksdirektør i Hordaland.

Hun la vekt på utfordringene som ligger i koblingene mellom landbruket og bygdene som helhet – landbruk ligger i bygdene, i utkantene, og landbruket kan ikke alene sikre at bygdene lever. Vi jobber mye mot lokalsamfunnsutvikling, reiselivet, trivsel, bolyst, alle disse områdene er viktig for å levende bygder, og for at bønder skal holde ut og drive garden. De kan mange ganger være de mest ensomme, men har de et nettverk, kan det være enklere! Det er lett å gi opp uten et nettverk. Med et godt fundament i bygdene, så er de en viktig part. Å vise hva landbruket kan produsere, i tillegg til maten, er så klart også viktig. Landbruket har så utrolig mye mer enn mat å by på. Dette må vi vise, fortelle om, få inn i media, og ha det med som en viktig del av det landbruket driver med. Setra har ofte servering og opplevelse,



Åse Vaag. Foto: Gerd Lithun, Vestlandsk Landbruk

og da viser en noe mer enn melka og kjøttet – man har en tilleggsverdi. Landbruksavdelingen i Hordaland har folk som jobber opp mot slik turisme.

Prioriteringer i det regionale miljøprogrammet

Hva skal man prioritere? Vi føler hos

oss at bondeorganisasjonene er opptatt av at midlene skal være knyttet opp til store åpne ordninger, som er litt lik de sentrale ordningene. Vi får føringer fra departementet og SLF om at vi skal inn og prioritere, vi skal finne de sentrale sakene og trekke de inn i programmet. Nå er vi opptatt av at seter og støling skal ha midler, og det skal monne, og en skal merke at det er støtte å få. Åse Vaag fortalte at Hordaland har 51 støler som har fått midler etter søknad i 2008. De finst i 9 kommuner, der Voss er den største med 20 støler. Osterøy har 9. Vi har midler både til enkeltstøl og fellesstøl. 27 støler med kyr, resten med geit. Vi har mange stølsområder som er utrolig flotte, og slik som de ligger nå klarer de kanskje ikke å vise de verdiene de har å by på. - Vi ønsker flere støler med foredling, åpne støler, der det lages produkter og folk kan komme. Vi ønsker å gi støtte til støl med foredling på inntil 40 000 kroner, sa Åse Vaag.

Seterkurs i Lesja-fjellet: Uppistugu Hågåseter

Vi har tidlegare omtala Dalsida i Lesja, ein mangfaldig seterdal med mange kulturminne og store naturkvalitetar.

Framleis er fleire setre der i drift. Ei av dei er Uppistugu Hågåseter på Sørhella. For å koma dit tek ein av frå E 136 og følgjer Dalsidevegen innover til Aursjøen. Der ynskjer Anne Marie og Arne Jacob Sønstebø velkome til seters frå 10. juli til 28. august.

På Uppistugu Hågåseter er det tradisjonell seterdrift, som inneber mange ulike aktivitetar kvar dag om sommaren: mjølking, separering, ysting, kinning og baking, fredagar er det koking av gubb. Det er sal av seterprodukt og servering etter avtale. Seterkurs er det og på denne setra, i sommar vekene 30 og 33. Her får deltakarane innføring i heile breidda av arbeid og aktivitetar på setra, sjølvsgatt med hovudvekt på mjølking, ysting og kinning. Anne Marie og Arne Jacob Sønstebø tilbyr ei innhalds- og lærerik veke i flott natur.



Foto: Anne Marie Lien Sønstebø

Ta turen til seters i sommar!

”Seterlandet” har mykje å by på og vi registrer stor kreativitet mellom seterbrukarane når det gjeld å utvikle seterdrifta vidare. Sjølvsgatt skal ikkje alle drive foredling, servering og turisme, men desse setrene er viktige for seterdrifta og landbruket som heilskap – dei utgjer eit ”utstillingsvindu”!

På nettstaden til Norsk seterkultur – www.seterkultur.no finn ein mange setertilbod under tittelen ”Til seters” – og det er plass til fleire. Dessutan er det viktig at dei som alt har presentert setra si der, oppdaterer informasjonen sin når det skjer endringar.

Ovanfor har vi omtala Uppistugu

Hågåseter i Lesja, som har mykje å by på besøkjande – og jamvel tilbyr seterkurs. Mydalen i Telemark og Romsdalssetra i Hedmark er to andre døme på flotte setre som byr gjestar velkomne i sommar.

Og sjå innom www.seterkultur.no så finn du fleire!

Håvardrud Seterliv: Mydalen i Tinn i Telemark

I Tinn i Telemark finn vi setra Mydalen, der Ingebjørg Håvardrud har utvikla Håvardrud Seterliv. Vi har omtala denne setra tidlegare i Seterbrukaren, og artig er det å få tilsendt oppdateringar som syner at Ingebjørg Håvardrud stadig utviklar tilbodet på setra – servering, produkt for sal, opplevingar og aktivitetar, overnatting m.m. På Mydalen var det opphald i seterdrifta frå 1958 til 2005, da Ingebjørg starta opp att. Husa er restaurert og i sommar er det 10 kyr, 3 hestar, høner, koppelam, geitekje, grisar og kaninar på setra.

- Me tek med oss historia inn i dagen i dag og vil syne dette for alle som kjem hit - med opplevingar og god mat, seier Ingebjørg Håvardrud. Mydalen ligg i ein vakker dal 900 moh med godt utsikt og kort veg opp på Hardangervidda. Meir info på www.seterliv.no



Gun Kjølhauge og Hilde B. Tuvan ønsker deg velkommen til Romsdalssetra.

Einunndalen i Folldal: 2700 innom Romsdalssetra i 2008

Seterbrukaren har også hatt reportasje frå Romsdalssetra i Einunndalen i Folldal. Einunndalen er kjent som landets lengste seterdal. Her har to nabosetre starta seterkafe og tilbyr også overnatting. Det er kyr og sauer på setra, og av mjølka blir det laga skjørost og rømme, rømmegraut, brunost, soinngraut og gomme (gubb), som ein får kjøpt i kafeen. Rabarbra blir brukt til saft og syltetøy. Gjennom sommaren er det fleire større arrangement på Romsdalssetra, for meir informasjon www.seterlandet.com

Per Olaf Lundteigen:

– Dei som brukar utmarka gir mest tilbake!

Vi kjenner han som markert politisk, ein som "kallar ein spade for ein spade", men han er og gardbrukar og seterbrukar. Elles har han bakgrunn som landbruksbyråkrat og som leiar i Norsk Bonde- og småbrukarlag.

I sistnemnde rolle hadde Per Olaf Lundteigen eit vesentleg ansvar for at det vart innført eit setertilskot i 1988/89, det var da det vart framforhandla. Lundteigen har seter i Numedal, Myrefjell, ni mil frå garden i Øvre Eiker, ei tidlegare fellesseter med kapasitet for 70 kyr.

Lundteigen tok utgangspunkt i egne erfaringar med at i driftsplanene for utviklinga av dei einskilde gardsbruka har det vore lagt vekt på det tekniske og økonomiske, ikkje menneska på garden. Det materielle framfor menneska. Kvalitetane knytt til setra er ofte ikkje knytta til det økonomiske, men til menneska – folka på garden. Heldigvis har vi no fått meir fokus på menneska som vidarefører seterdrifta og seterkulturen, ikkje minst takke vera Norsk seterkultur, sa Lundteigen.

– Kvalitetar – det er eg mest oppteken av i forhold til ungdommen, korleis kan vi greie å vise fram og gjera di kvalitetane setra representerer – som attraktive, spennande og utfordrande?



Engasjert og engasjerande som alltid, Per Olaf Lundteigen. Foto: Gerd Lithun, Vestlandsk Landbruk

Slik at setra medverkar til at heile garden blir ført vidare, slik er seterdrifta heilt sentral for framtida for mange gardsbruk? Sjølv seterbruket er jo pop, slo han fast.

– "Nisje på fransk er bikkjehus! Vi skal bygge større enn bikkjehus, sjølv om dei er greie til sitt bruk". Alle snakkar positivt om setra, det er ein kombinasjon av kunst, kultur og arbeid som er heilt flott – og viktig for heile landbruket, slo Lundteigen fast.

– Dei som brukar utmarka gir mest tilbake. Verkemiddel og tilskot gir synlege resultat til beste for heile samfunnet, kulturlandskap, opplevingar, friluftsliv og store ringverknader også til andre næringar.

Organisasjonen Norsk seterkultur har ein svært viktig rolle i å spre dei

gode ideane og dei gode eksempla, og det ser eg blir gjort i Seterbrukaren, sa Lundteigen. Vi ser gode eksempel på innsatsen i fylke og kommunar. Eg vil ha det veldig ubyråkratisk – vatn og veg og ikkje for komplisert. Det gjeld ei seter, det skal vera ku og geit som produserer mjølk, kor mange og kor mykje er ikkje så viktig. At setringa får støtte er avgjerande, seterbrukarane treng støtte og kjensle av at dei betyr noko. Situasjonen for setertilskotet er ulikt rundt om i fylka, det burde vera eit generelt setertilskot – som vi må få jekka opp – i tillegg til at fylkesmannen kan koma med ekstra tilskot, foreslo Lundteigen.

Norsk seterkultur er ein organisasjon for seterbrukarar, skal bevisstgjera, inspirere. Vi tar med oss vår kunnskap for å få vår rett. Ein må ha både fylkes- og landsstrategi, sa Lundteigen.

Han var også innom dei særlege kvalitetane setermjølka har og kva som kan gjerast for å omsette denne til betre pris. Vidare delte han egne røynslar med forsamlinga om samarbeidet med eit fengsel, og deira rolle som "fengselsbetjentar" på setra. Seterlivet er arbeid og struktur, alle er like og alle trengst, og det gjer noko godt med menneska, sa Per Olaf Lundteigen – som heilt klart er seterbruket sin talsmann inn i dei inste og viktigaste sirklane i storting og regjering.

Pål K. Melhus:

– Vi selger opplevelser!

Pål Melhus stilte spørsmålet om kor mange som kjenner til den norske seterkulturen, og slo fast at det er vel som med landet vårt generelt, det er heller ukjent ute i verden – og i den grad det er kjent, så er det som "kaldt, dyr, mørkt og langt borte".

Seterdrifta som merkevare

Medhus slo fast at merkevarebygging er krevende. En merkevare: målet er at alle forbrukere skal ha sammenfallende assosiasjoner, erfaringer og inntrykk – og forventninger – til opplevelsen. Merkevarekommunikasjon handler om å uttrykke seg slik at de riktige assosiasjonene blir formet i hodet og hjertet hos mottaker. Naturbaserte ferieopplevelser er i tida. Naturbasert har nesten alt i seg, men dette handler mer enn bare om å selge det naturbaserte.



Pål Melhus er gründer og eier av firmaet Høve Støtt på Geilo. Der driv han med økoturisme, opplevingar, design m.m. Foto: Gerd Lithun, Vestlandsk Landbruk

Friskt, ekte, nyskapende, vennlig – dette skal vi være i tillegg til å inneha naturbaserte ferieopplevelser. Hver og en må ta strategiske beslutninger i forhold til om en vil bygge en merkevare.

Service nærings finnes ikke lenger

Det har alltid vært snakk om en råvare – setra i denne sammenhengen. Vi produserer og får en ferdigvare. Videre leverer vi og har begynt å kalle det en service. Her tror mange at vi er i dag, men vi har kommet lenger. Servicenærings finnes ikke lenger! Det er ikke dette folk betaler for lenger. Vi har begynt å selge opplevelser! Du møter noen som faktisk byr på seg selv, som lever og er der og gjør akkurat det som en gjør til vanlig, men for en turist er dette langt over forventningene. Vi skal ennå videre – vi skal veilede noen videre i en transformasjon. Personlig endring. For å få ut mest mulig cash, så bør vi tenke at vi skal endre en holdning. Det handler hele tiden om å tilpasse disse ulike nivåene, slo Melhus fast.

Seterlandet i Nord-Østerdalen og Røros-traktene

Seterlandet i Nord-Østerdalen og Røros-traktene ønsker på ny velkommen til opplevelser i seterlandskapet.

Aktiviteter, tradisjonsrik seterkost, mangfold av dyr, guidede turer, fjøsstell, historier, seterpub, stillhet og unike kulturopplevelser kan vente deg og dine om du besøker oss i sommer, er meldinga fra disse fine seterområda.

Fra karrige og åpne fjelldaler i Follidal og Alvdal, strekker Seterlandet seg nordover via kulturlandskapsmykker i kommunene Tynset, Tolga og Os, før du lander i verdensarven Røros. Vingelen nasjonalparklandsby og nasjonalparkene Rondane, Dovre, Forollhogna og Femunden finner du rundt om i Seterlandet, sammen med et utall landskapsvernområder.

Midt i dette landskapet drives et av landets mest særegne landbruk, og mer enn 200 setrer er i aktiv drift sommerstid. Tradisjonen holdes med andre ord levende. Seterlandets rundt 20 aktører venter på deg for en minnerik sommer- eller høstopplevelse, vi tror du vil finne plass til i både fotoalbumet og dine indre lagringsplasser.

– Tilbudene omfatter seterturisme, friluftsteater, markedsdager, mange små og mellomstore arrangement og konserter, et rikt tilbud av tradisjonsmat, kultur- og naturbasert formidling via guidede vandringar og aktiviteter, kurs, nasjonalparker m.m. Mer informasjon finnes på www.seterlandet.com



Tradisjonsrik seterkost venter den som besøker setra i sommer. Fra Romsdalssetra i Einunndalen.

Prestlia besøksseter

Setra Prestlia i Leksvik er ett eksempel på alt det positive som skjer på seterfronten i Trøndelag. Her har Solvår og Kyrre Sørheim, brukere av Hølås Nedre, tatt opp igjen seterdrifta på gården/setra Prestlia. De holder åpent i hele juli, for enkel servering, kaffekos og seterhistorier. Det er utstillinger av gammel redskap og lokalhistorie med bilder og tekst.

Prestlia ligger ved Grønsjøen, ca 15 km nordover fra Leksvik sentrum. Avkjørsel ved Rota gård. 600 m bilvei helt fram. De har kyr, kviger og kalver, sauer og en del små dyr på setra.

Det var gårdsbruk på Prestlia fra 1612 fram til 1839. Vi finner slekt i Leksvik i dag som stammer fra de siste beboerne på Prestlia, forteller Solvår og Kyrre. Plassen har tilhørt gården Hølås Nedre fra 1849 og det var setring på Prestlia fram til 1969 med både geiter og kyr. Seterskjulet er fra 1800-tallet. Vegger av heltømmer, restaurert utvendig og innvendig på 1990-tallet. Det gamle fjøset falt ned vinteren 1973, men et nytt seterfjøs er satt opp på samme sted.



Opplev gards- og støslivet i Valdres

26 gardar og stølar i Valdres ønskjer deg hjarteleg velkomen.

Om sommaren flyttar familien på garden til fjells med buskapan for å nytte det saftige fjellbeitet til produksjon av mjølk og kjøt. Ingen annan region i landet har eit tilsvarande omfang på stølsdrifta, i Valdres er det nesten 300 stølar i drift.

Sjå meir om tilboda på www.valdres.no.

Seterlandet Sunndal

I Seterlandet Sunndal tar du som gjest del i et tradisjonelt seterliv blant glade fjellfolk, geiter og kyr. Her lages seterkost på gamlemåten, en smakfull nytelse for mang en turist.

www.seterlandet.no forteller meir om det Renndølsetra, Torbuvollen og Gammelsetra byr på i sommer.

Nasjonale kulturlandskap

Den offisielle nasjonale opninga av utvalde kulturlandskap fann stad 28. juni, med både kongeleg deltaking og statsrådar tilstades. Staden var Vangrøftdalen i Os, der dei inviterte fekk vandre i eit område med fleire aktive setre og eit landskap med stort biologisk mangfald. Det heile vart markert med skikkeleg folkefest.

Mellom dei 20 utvalde kultur-landskapa er det altså to seterområde, fjellgardane og seterdalane i øvre Sunndal i tillegg til Vangrøftdalen.



Frå Spellmøvollen.

SETERKURS PÅ UPPISTUGU HÅGÅSETER!

Det arrangeres seterkurs på gamal seter i Lesjafjellet veke 30 og 33.

Få kjennskap til bl.a. mjølking, ysting og kinning.

Ei innhalds- og lærerik veke i flott natur!

For meir informasjon er det berre å ringe:

612 44 065 eller 911 055 69



Akkonshunter - Foto: © Vera Grønne

FORMEL

FORMEL gir best tilpasning til beite

Rett FORMEL på beite gjør det enklere å:

- Holde ytelsen ved hard beiting
- Holde høgt proteininnhold i mjølka
- Tilføre nødvendige mineraler

FORMEL Favor 28	Til svært godt beite og raigrasbeite med lågt innhold av fiber.
FORMEL Favor 30	Til middels godt beite.
FORMEL Elite	Til middels beite og ønske om høg mjølkeproduksjon. Når beitekvaliteten avtar og kyrne må ha høg kraftfôrandel i fôrrasjonen.
FORMEL Favor 20	Til utmarksbeite og svakt gjødsla beite.

Kraftfôrmengdene må justeres etter utvikling i mjølkemengden, holdet på dyra og beitekvaliteten.



Bli med i



Medlemskontingent 2009

Aktiv seterbrukar	kr. 400,-
Støttemedlem/abonnement på Seterbrukaren	kr. 300,-
Organisasjon/institusjon	kr. 600,-

Ja, eg vil bli medlem

- Aktiv seterbrukar
- Organisasjon/institusjon
- Støttemedlem/tinging av Seterbrukaren

Namn:

Adresse:

Telefon:

Du kan også registrere deg som medlem på våre heimesider: www.seterkultur.no

NORSK SETERKULTUR

6214 NORDDAL Tlf.: 70 25 91 77 – Fax: 70 25 91 57

E-post: seter@seterkultur.no

Bankgiro: 2367 20 51 169



Mange av våre produkt har rot i stølskulturen og vi støttar Norsk seterkultur i arbeidet for denne driftsforma